

12.06.1979

FYLKESMANNEN SØR OG FJORDANE  
F-18 24/79 AR  
HERMAN NEVSEN

REGULERINGSPLAN FOR VIKSDALEN  
DEL 2.

REGULERINGSFØRESEGNER:

§1. Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense. Innanfor dette området skal alle bygninger plasserast i slik minimumsfråstand frå veg som dei innteikna byggefråstander viser.

§2. AREAL FOR BUSTADBYGG.

- a. Innafor det regulerte bustadområdet kan det oppførast bustadhus i ei høgd med tilhøyrande garasjar.  
I Samsvar med byggeføresegnene kan bygningsrådet samtykke i at hus i ei høgd vert innreia med bustadrom på loft, og med bustadrom i underetasje dersom terrenget etter bygningsrådet sitt skyn høver for slik utnytting.
- b. Den samla utnyttingsgrad av tomta må ikkje overstige 0,15.
- c. Hus i ei høgd kan oppførast med gesimshøgd inntil 4,5m, og hus med innreia sokkeletasje må ikkje få gesimshøgd over 6.
- d. Innan bustadområdet kan einskilde rom utnyttast til lager eller mindre verkstadverksemd når det ikkje er til ulempe for grannar, og etter godkjenning av bygningsrådet.
- e. På situasjonsplan som fylgjer søknaden til bygningsrådet skal garasjeplassering vere innteikna, sjøl om det ikkje er planlagt å føre opp garasje samstundes med bustadhuset.  
Bygningsrådet kan godkjenne at garasje vert oppført som frittliggande bygning når tilhøva etter bygningsrådet sitt skyn ligg betre tilrette for ei slik løysing.  
Utanom garasjeplassering skal det vere vist oppstillingsplass for ein bil på eigen grunn.

§3. AREAL FOR INDUSTRI/SERVICE.

- a. Bygninger kan førast opp i inntil to etasjer.
- b. Bygningsrådet kan forby verksemd som etter rådet sitt sjen er sjenerande for omgjøvnaden eller er til ulempe for offentleg ferdsel.
- c. Kvar verksemd skal på eigen grunn ha plass for parkering og for av- og pålessing slik som bygningsrådet finn det naudsynt for eigedomane sitt bruk.
- d. All lagring av råvarer, halvfabrikata eller ferdige varer skal finne stad under tak, og bygningsrådet kan påby innbygging av all lagerplass.

§4. JORDBRUKSOMRÅDER.

På arealet kan ikkje oppførast andre bygningar enn dei som har direkte tilknytning til den einskilde eigar si næringsverksemd.

§5. FRIOMRÅDER.

På arealet kan bygningsrådet samtykke i oppføring av mindre bygninger som har direkte tilknytning til utnytting av arealet som friområde.

§6. SAMS FØRESEGNER.

- a. Når bygningsrådet handsamar søknader om byggeløyve skal rådet sjå til at busetnaden får ei god og harmonisk form både når det gjeld materialbruk og utforming av einskilde bygningar. Fargen på hus skal godkjennast av bygningsrådet.
- b. Det kan ikkje byggast på noko tomt før bygningsrådet har godkjent tomtedelinga i området.
- c. Bygningsrådet skal godkjenne utforming, høgde og farge på alle gjerder.

FYLKESMANNEN I HORDAL OG FJORDANE  
F-1824/79 AR  
HERNIMEN  
HERNIMEN

- d. All eksisterande vegetasjon bør bevarast best mogeleg, og ingen må plante tre eller busker som etter bygningsrådet sitt skjønn kan vere sjenerande for grannar eller gjenbuarar, eller for den offentlege ferdsel.
- e. Alle avkøyrslar til offentleg veg skal vere oversiktlege og best mogeleg trafikkisikre.
- f. Der serlege grunnar taler for det kan bygningsrådet tillate unntak frå desse føresegnene, innanfor ramma av bygningslova og bygningsføresegnene.

FOLKESAMMUNGEN I BILFORSAMLINGEN  
F-1824/707 AR  
BILFORSAMLINGEN